



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar  
**Møtestad:** Kommunehuset Smia, Grodås  
**Dato:** 16.11.2016  
**Tid:** 18:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Medlem	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Stig Olav Lødemel	Medlem	H
Randi Langlo	Medlem	A
Eldar Engelund	Medlem	SP
Rasmus Kirkhorn	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ann Kristin Langeland	Rådmann Hornindal
Rune Sjurgard	Rådmann Volda
Sirikit Vågen	HTV Utdanningsforbundet Volda
Oddbjørg Yksnøy Rangsaeter	HTV Fagforbundet Volda
Brita Sollid	Økonomisjef Hornindal
Norunn Holmøy Wang	HTV Delta Hornindal

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/16	<b>Konstituering. Val av leiar og nestleiar</b>
PS 2/16	<b>Val av arbeidsutval</b>
PS 3/16	<b>Møteplan for den mellombelse fellesnemnda</b>
PS 4/16	<b>Drøfting av forprosjekt fram til stortingsvedtak juli 2016</b>



## **PS 1/16 Konstituering. Val av leiar og nestleiar**

### **Handsaming:**

Vel møtt ved ordførar Stig Olav Lødemel.

Presentasjonsrunde.

Framlegg frå Jørgen Amdam:

*Stig Olav Lødemel, leiar*

*Jørgen Amdam, nestleiar*

### **Røysting:**

Framlegget frå Jørgen Amdam vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 16.11.2016:**

*Stig Olav Lødemel, leiar*

*Jørgen Amdam, nestleiar*

## **PS 2/16 Val av arbeidsutval**

Ein avventar val av arbeidsutval, dette med bakgrunn i at fellesnemnda ynskjer breiast mogleg involvering i arbeidet framover. Men ein bør snarast få etablert partssamansatt utval.

## **PS 3/16 Møteplan for den mellombelse fellesnemnda**

Møte med rådmann i Tjøme den 8. desember i Volda. Til dette møtet med fellesnemnda, bør også formannskapa, leiargruppene og dei tillitsvalde vere med. I samband med dette vert det også ordinært møte i fellesnemnda (stad: Volda).

Det vert lagt opp til eitt møte i månaden, annankvar gong Volda, Hornindal.

Møteplan våren 2017, vert lagt fram i januar. Møte for fellesnemnda i januar 2017: onsdag 11. kl. 13.00 i Hornindal.

## **PS 4/16 Drøfting av forprosjekt fram til stortingsvedtak juli 2016**

Prosjektorganisasjonen må vere på plass før august 2017, men ein må ha ein organisasjonsplan som fungerer fram til det tidspunktet. Rådmennene får i oppdrag å legge fram for Fellesnemnda eit utkast til midlertidig prosjektorganisasjon.

Det må også utarbeidast framlegg til budsjett for den midlertidige fellesnemnda.

Møtet slutt 19.55